



Arne Erling Kartveit
Røsvikdalen 23
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar: Ref.:U8QMQJ-
Skjemanr.:5367
Vår: 23/5771 - 23/62301

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
09.08.2023

Krav om registrering av boareal - gbnr 188/457 Gjervik ytre

Viser til innkome krav om retting av areal for bustaden din, dat 19.07.23.

Kravet er sendt inn på skjema til bruk for retting av bygningstype i matrikkelen, og det er difor litt uklart om dette kanskje var meint til avdelinga for kommunale avgifter.

Du ber om at: bolighuset i rekke blir satt til faktisk boareal, og ikkje det tall som framgår av matrikkelen.

I matrikkelen skal det vera registrert BRA (innvendig bruksareal) for bustadar, for kvar enkelt etasje og samla for kvar buening. Dette arealet skal omfatta alt areal innanfor omsluttande ytterveggar, inkludert eventuelle uteboder som høyrer til bustaden. Boareal er ikkje eit tal som vert registrert i matrikkelen.

Kommunen si forskrift om kommunale avgifter seier at det er BRA frå matrikkelen som skal danna grunnlaget for kommunale avgifter.

Din bustad er registrert med BRA 103 m2, likt alle dei andre bustadane i rekkjene der. Truleg skulle dette talet vore endå litt høgare, medrekna boder. Det er ikkje oppgitt areal på bodene i matrikkelen.

Ut i frå dette meiner me det ikkje er grunnlag for å endra arealet for din bustad.

Vedlagt er matrikkelrapport som viser kva som er registrert om bygget i matrikkelen.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

188-457- bustad

Mottakarar:

Arne Erling Kartveit

Røsvikdalen 23

5914

ISDALSTØ